

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger

28.09.2014

Petter Borge & Hanne Kristin Løvaas  
Bøtjørnvegen 120  
5937 Bøvågen

### **Klage på tiltak på GNR/BNR 25/109**

Viser til telefonsamtale med byggesak i Radøy kommune, fredag 26.09.14, og sender etter avtale med dei, ein forsinka klage.

Vi har motteke nabovarsel på 2-mannsbolig frå tiltakshavar Arkokonsult As, og eigar Jan Helge Rikstad. Ymse grunnar ville det til at me desverre ikkje fekk levert klaga innan tida sett frå tiltakshavar.

Bakgrunnen for klaga er at minst 3 av bestemmelsane i reguleringsføresegnene for Bøvågen byggefelt er brotne.

§8 Frittliggjande bustader i småhus kan byggjast i inntil 1 1/2 høg. Ligg tilhøva vel til rette for det, kan bygningsrådet gjeva løyve til å byggje 2 høgder.

*Me kan ikkje sjå at tilhøva ligg VEL tilrette for byggjing i 2 høgder på denne tomten, dette vil medføra at me taper all utsikt frå vår tomt. Bestemmelsen gjer ikkje rom for 2 høgder på denne tomten.*

§28 Bygningane skal plasserast innanfor dei regulerte byggjegrensar, og elles slik som synt på planen.

*Det er stort avvik på bygning innteikna i situasjonsplan og plan tilhøyrande føresegnene.*


§29 Den innteikna møneretninga skal følgjast.


Bygningar som høyrer saman i grupper, skal ha einsarta takform og takvinkel. Bygningsrådet kan for ei gruppe hus, fastsetja takform, og takvinkel.

*Det er ikkje rom i bestemmelsane for å endre møneretning.*

Ved ein eventuell vidare søkeprosess, vil me be om å få tilsendt sol-diagram, og terrengprofil sett frå øst, med innteikna/målsett høg i forhold til veg.

Med venleg helsing

  
Petter Borge

  
Hanne Kristin Løvaas